



Notat

Til:

Hans S. Vindenes

Frå: Berit Fløisand

Saksnummer	Løpenummer	Arkivkode	Dato
15/587 - 4	15/5327	FA-A20, TI- &34	11.06.2015

Sakshandsaming og saksgang i skulestruktursaka

Formannskapet gjorde innstilling til kommunestyret i møte den 03.06.15, det lyder slik:

«FOR-026/15 VEDTAK:

Føljande alternativ vert sendt ut på høyring.

Alternativ 1. Tre barneskular

Felles skule for krinsane Fusa, Eikelandsosen, Holdhus og Nore Fusa.
Strandvik og Søre Fusa som no.

Alternativ 2. To skular

Felles skule for krinsane Strandvik, Fusa, Eikelandsosen, Holdhus og Nore Fusa.
Søre Fusa skule som no.

Alternativ 3. Ein barneskule

Ein felles skule for hele Fusa.

Alternativ 4. Fire barneskular variant A

Ein felles skule for Strandvik og Fusa, og ein felles skule for Holdhus og Eikelandsosen.
Nore Fusa og Søre Fusa som no.

Alternativ 5. 4 barneskular variant B

Ein felles skule for Strandvik og Fusa, og ein felles skule for Nore Fusa og Eikelandsosen.
Holdhus og Søre Fusa som no.

Alternativ 6. Dagens skulestruktur blir vidareført.

Ingen endringar.»

Rådmannen viser til rundskriv frå utdanningsdirektoratet, datert 15.03.12, (Rundskriv Udir-2-2012), der det heiter følgjande:

4 Saksbehandlingen i kommuner som har gitt forskrifter om skolekretsgrenser

For kommuner som har gitt forskrifter om skolekretsgrenser må det i tillegg til vedtak om nedleggelse også skje en etterfølgende endring av forskriften om skolekretsgrensene. Områdene som sogner til skolen som nedlegges må etter nedleggelsen sogne til en eller flere andre skoler i kommunen. Dette gjør en forskriftsendring nødvendig.

Forvaltningslovens kap. VII om forskrifter kommer derfor til anvendelse for endringen av forskriften om skolekretsgrenser. Det betyr at berørte institusjoner og organisasjoner må få uttale seg før forskriften vedtas, endres eller oppheves, bl.a. foreldrerådet eller samarbeidsutvalget ved de enkelte skolene i kommunen. Det kan også gjelde andre dersom det er nødvendig for å få saken allsidig opplyst.

Kommunen kan velge mellom to fremgangsmåter:

A) Nedleggelse og forskriftsendring som to separate saker:

Nedleggelsen og forskriftsendringen kan etter kommunens eget valg behandles som to separate saker, først et vedtak om nedleggelse, dernest en forskriftsendring som følge av nedleggelsen. Hvis denne fremgangsmåten velges, vil *avgjørelsen om selve nedleggelsen* måtte følge ulovfestede forvaltningsrettslige prinsipper, se pkt. 3 ovenfor. Den *etterfølgende forskriftsendringen* derimot vil måtte behandles etter de saksbehandlingsreglene som er angitt i forvaltningslovens kap. VII om forskrifter. Det vises også til ovennevnte retningslinjer fra JD om forskriftsarbeid i kommunene.

B) Nedleggelse og forskriftsendring som én og samme sak:

Noen kommuner velger å behandle de to sakene, *vedtaket om nedleggelse og forskriftsendringen, som en og samme sak* og sender den samlet på høring. Fordi saken inkluderer en forskriftsendring må hele saken, også den delen av saken som gjelder selve vedtaket om skolenedleggelse, behandles etter reglene om endring av forskrifter i forvaltningslovens kap. VII. Det vises også her til ovennevnte retningslinjer fra JD om forskriftsarbeid i kommunene.

Utdanningsdirektoratet vil understreke betydningen av at kommunene følger saksbehandlingsreglene i behandling av saker om skolestruktur og -nedleggelser.

(Rundskriv Udir-2-12, s. 3)

Utdanningsdirektoratet seier i rundskrivet at vedtak om skulenedlegging kjem før ei forskriftsendring i skulekrinsgrensene, eventuelt at kommunen kan velja at både vedtaket og forskriftsendringa kjem i ei og same sak.

Innstillinga som formannskapet gjorde i møte 03.06.15, der høring av forskriftsendring om skulekrinsar kjem før vedtak om skulenedlegging, er ikkje i tråd med reglane for sakshandsaming.

Eit vedtak frå kommunestyret om kva som skal sendast på høring, må innehalda:

- a) Framlegg til skulestad (og kva for skular som då blir nedlagde)
- b) Kan innehalda høring om forskriftsendring vedr. skulekrinsar (alternativ b) i rundskrivet over. Kan og koma som eiga sak i etterfølgjande møte.

Rådmannen viser og til at det i saksutgreiinga er lagt opp til at rapporten frå Agenda Kaupang skal vera ein del av faktagrunnlaget/høyringsdokumentet. Kommunestyrevedtaket må avklara kva alternativ som skal på høring.

Rådmannen ber om at dette notatet vert sendt kommunestyremedlemene.



Berit Fløisand

Rådmann